

Helse i planlegginga Om folkehelsearbeid i Møre og Romsdal

Forskingsdagane i Volda
30. september 2010
Randi Bergem

Folkehelse

- Summen av helse i befolkninga

Folkehelsearbeid

- Samfunnet sin samla innsats for å styrke faktorar som fremmer helse og redusere faktorar som medfører helserisiko
- Medverke til jamnare sosial fordeling av faktorar som påverkar helsa
- Både førebyggjande og helsefremmande arbeid

Helse i plan – hovudmål i prosjektet

- å styrke folkehelsa ved å forankre ulike folkehelsetiltak, kommunalt og regionalt, ved bruk av plan- og bygningslova som verktøy
- å utvikle og legge til rette for oppbygging av plan- og prosesskompetanse i helsesektoren

Meir om helse i plan

- Helse i plan er eit innovasjons- og metodeutviklingsprosjekt
- Helse i plan har vore i gang sidan 2006 og vert, som prosjekt, avslutta i 2010
- Til saman er åtte fylke og 30 kommunar med i prosjektet
- Plan- og bygningslova er eit viktig verktøy
- Viktige verkemiddel i arbeidet med Helse i plan er organisering og samarbeid, politisk forankring, kompetansebygging og informasjonsspreiing



Samfunnsplanlegging

- Sjå samanhengar mellom:
 - Fysiske strukturar/element
 - Økonomi
 - Sosiale strukturar/element
 - Kulturelle strukturar/element

Helse i plan i Møre og Romsdal

- Møre og Romsdal er ein av åtte fylkeskommunar som er med i Helse i plan
- Kommunane Haram, Surnadal, Volda og Ålesund var med frå 2006, medan Rindal og Ulstein kom med i 2008. Kommunane er også med i God Helse-programmet i Møre og Romsdal
- Arbeidet til fylkeskommunen har også vore retta mot kommunar som ikkje deltek i prosjektet

Kommunar i Helse i plan

- Planarbeid for god omsorg (omsorgsplan)
 - Rindal og Ulstein
- Folkehelse i alle planar
 - Haram, Surnadal, Volda og Ålesund
- Plan- og prosesskompetanse/arenaer for samarbeid
 - alle, men særleg Volda

Erfaringar frå kommunar i Møre og Romsdal

- Etablering av **rutinar for samarbeid mellom fagfolk innanfor folkehelsefeltet/helsefeltet og planleggarar i kommunane**. I fleire tilfelle er det snakk om samarbeidsforum med faste møtetidspunkt
- Folkehelseperspektivet er tydlegare i dei kommuneplanane som er utarbeidde etter at arbeidet med Helse i plan starta
- Blant planleggarar er det **auka forståing for at arbeid med planar og innhaldet i planane har konsekvensar for helsetilstanden til innbyggjarane**
- Dei som arbeider på **helsefeltet har fått meir kunnskap om kommuneplanlegging**, og deltaking i Helse i plan har gitt dei tru på at dei er viktige medspelarar i planarbeidet i kommunane

Viktig for å forankre helse i planlegginga

- Støtte og legitimitet hos rådmann og ordfører
- Skape felles forståing hos leiarar på alle nivå, gjerne gjennom tverrfagleg kompetanseheving
- Tverrfaglege grupper, som treffest ofte og jamleg
- Gjennomgåande representasjon i grupper som arbeider med ulike planar
- Informere politiske fora jamleg
- Mobilisere frivillige og private aktørar i planarbeidet
- Synleggjere folkehelseperspektiva i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Vere konkret på folkehelsestrategien i kommuneplanen sin arealdel
- Vidareføre folkehelseperspektiva i økonomi- og handlingsplanar

planlegging og helse og planlegging

- God samfunnsplanlegging er viktig for folkehelsa, og god folkehelse er viktig for å skape gode lokalsamfunn
- Planlegging i kommunar får konsekvensar for kvardagen til enkeltpersonar, og dermed for helsa til enkeltpersonar
- Kva konsekvensar har planen/tiltak i planen for helsa?